



DET KONGELEGE  
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT

# Prop. 50 S

(2020–2021)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Endringar i statsbudsjettet 2020 under Olje- og energidepartementet

*Tilråding frå Olje- og energidepartementet 20. november 2020,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Solberg)*

### 1 Innleiing

I denne proposisjonen kjem Olje- og energidepartementet med framlegg til endringar i statsbudsjettet 2020 i samsvar med kapittel 2. I kapittel 3 gjer departementet greie for bruk av fullmakter under petroleumsverksemda. I kapittel 4 og 5 gjer departementet greie for endringar i avtalen med Sverige om elsertifikat og fusjonskontroll av Northern Lights.

### 2 Endringar i statsbudsjettet 2020

#### Kap. 1800 Olje- og energidepartementet

*Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under postane 50, 71 og 72*

Olje- og energidepartementet følger opp planlegging og forhandlingar med industriselskapa om Langskip (fangst og lagring av CO<sub>2</sub>). Dette arbeidet har vore svært omfattande og har ført til behov for betydeleg ekstern bistand til mellom anna kvalitetssikring av avgjerdsgrunnlag og juridisk bistand i samband med forhandlingane og utarbeidinga av avtaleverket.

Det er foreslått å auke løyvinga med 5 mill. kroner, til 41,5 mill. kroner. Ein viser til omtale og

tilsvarande reduksjon under kap. 1840, post 70 Administrasjon, Gassnova SF.

*Post 70 Tilskot til internasjonale organisasjonar mv.*

Det er foreslått å auke løyvinga med 1,4 mill. kroner, til 9,9 mill. kroner. Årsaka til auken er ei avrekning for «Intelligent Energy», som er eit avslutta EU-program innanfor energiområdet.

#### Kap. 1810 Oljedirektoratet

*Post 23 Oppdrags- og samarbeidsverksemd, kan overførast*

Posten dekker utgifter til Oljedirektoratets samarbeidsavtale med Direktoratet for utviklings-samarbeid (Norad) om rådgiving innanfor petroleumsforvaltning for utviklingsland (Olje for utvikling).

Det er foreslått å redusere løyvinga med 34 mill. kroner, til 85 mill. kroner. Reduksjonen har samanheng med mindre aktivitet og forseinkingar i ulike program som følge av virusutbrotet. Ein viser til tilsvarende inntektsreduksjon under kap. 4810, post 02 Oppdrags- og samarbeidsinntekter.

**Kap. 1820 Noregs vassdrags- og energidirektorat***Post 23 Oppdrags- og samarbeidsverksemd, kan overførast*

Posten dekker utgifter til Noregs vassdrags- og energidirektorats samarbeidsavtale med Direktoratet for utviklingssamarbeid (Norad) og andre internasjonale rådgivingsoppdrag innanfor vass- og energisektoren for utviklingsland.

Det er foreslått å redusere løyvinga med 22 mill. kroner, til 65 mill. kroner. Reduksjonen har samanheng med mindre aktivitet og forseinkingar i ulike program som følge av virusutbrotet. Ein viser til tilsvarande inntektsreduksjon under kap. 4820, post 02 Oppdrags- og samarbeidsinn-tekter.

*Post 25 Krise- og hastetiltak i samband med flaum- og skredhendingar*

Posten dekker utgifter til krisetiltak, som er tiltak som er nødvendige for hindre overhengande fare rett før, under og rett etter flaum- eller skredhendingar. Vidare dekker posten utgifter til hastetiltak, som er tiltak som må gjennomførast raskt for å hindre eller redusere ytterlegare skadeutvikling, men der det er tid til forenkla planlegging og saksbehandling. Tilskot til kommunar for å utføre krise- og hastetiltak blir òg dekte under posten.

Det er foreslått å auke løyvinga til krise- og hastetiltak med 5 mill. kroner, til 50 mill. kroner. Årsaka til auken er mellom anna tiltak som følge av uvêret i Nord-Noreg i september, delutbetaling av tilskot til krisetiltak i Nittedal kommune og hastetiltak på Vestlandet i september.

**Kap. 1840 CO<sub>2</sub>-handtering***Post 70 Administrasjon, Gassnova SF, kan overførast, kan nyttast under post 72*

Posten dekker utgifter til Gassnovas administrasjon, mellom anna oppfølging av demonstrasjonsdelen av CLIMIT-programmet, oppfølging av arbeidet med Langskip (fangst og lagring av CO<sub>2</sub>) og ivaretaking av statens eigarinteresser i Teknologisenter Mongstad.

Det er foreslått å redusere løyvinga med 5 mill. kroner, til 100 mill. kroner. Årsaka til reduksjonen er lågare utgifter til Gassnovas oppfølging av Langskip i 2020. Ein viser til omtale og tilsvarande auke under kap. 1800, post 21 Spesielle driftsutgifter.

*Post 71 Tilskot til Teknologisenter for CO<sub>2</sub>-fangst på Mongstad*

Det er foreslått å redusere tilskotet til Teknologisenter Mongstad med 13 mill. kroner, til 180 mill. kroner. Årsaka til reduksjonen er avrekning av driftsutgifter for 2019 og lågare anslag for utgifter i 2020.

*Post 72 Fullskala CO<sub>2</sub>-handtering, kan overførast, kan nyttast under post 70*

Utgiftene til industriselskapa i forprosjektfasen og fram til investeringsavgjerda for fullskalaprojektet er justerte ned i 2020.

Det er foreslått å redusere løyvinga med 9 mill. kroner, til 206 mill. kroner.

**Kap. 2440/5440 Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda**

Tabell 2.1 Endring av løyvingar på statsbudsjettet 2020 under kap. 2440/5440 Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda (i mill. kroner)

Kap./post/ underpost		Gjeldande løyving 2020 <sup>1</sup>	Forslag til ny løyving 2020	Endring
<i>Kap. 2440</i>				
30	Investeringar	28 000	28 000	-
	Sum kap. 2440	28 000	28 000	-
<i>Kap. 5440</i>				
24.1	Driftsinntekter	99 900	115 800	15 900
24.2	Driftsutgifter	-27 500	-28 400	-900
24.3	Leite- og feltutviklingsutgifter	-2 100	-2 000	100
24.4	Avskrivningar	-22 900	-22 700	200
24.5	Renter av statens kapital	-2 600	-2 500	100
24	Driftsresultat	44 800	60 200	15 400
30	Avskrivningar	22 900	22 700	-200
80	Renter av statens kapital	2 600	2 500	-100
	Sum kap. 5440	70 300	85 400	15 100
Kontantstraum til SDØE:				
	Innbetalingar <sup>2</sup>	99 900	115 800	15 900
	Utbetalingar <sup>3</sup>	57 600	58 400	800
	Netto kontantstraum frå SDØE	42 300	57 400	15 100

<sup>1</sup> Gjeldande løyving for 2020 er basert på Stortingets løyvingsvedtak av 4. desember 2019 og seinare endringar i 2020 (revidert budsjett), jf. Prop. 117 S (2019–2020) og Innst. 360 S (2019–2020)

<sup>2</sup> Innbetalningar = driftsinntekter

<sup>3</sup> Utbetalningar = investeringar + driftsutgifter + leite- og feltutviklingskostnader

Anslaget for kap. 5440, underpost 24.1 Driftsinntekter er auka med 15 900 mill. kroner, til 115 800 mill. kroner. Årsaka til auken er i hovudsak høgare prisføresetnader for olje og gass. Dette er motverka av noko lågare salsvolum. Overslaget baserer seg på ein oljepris for 2020 på 377 kroner per fat.

Anslaget for kap. 5440, underpost 24.2 Driftsutgifter er auka med 900 mill. kroner, til 28 400 mill. kroner. Årsaka til auken er hovudsakleg høgare tariffkostnader og auka utgifter til kjøp av tredjepartsgass. Dette blir noko motverka av reduserte produksjonskostnader som følge av lågare prisar på straum og mindre endringar på fleire felt.

Anslaget for kap. 5440, underpost 24.3 Leite- og feltutviklingsutgifter er redusert med 100 mill. kroner, til 2 000 mill. kroner.

Anslaget for kap. 5440, underpost 24.4 Avskrivningar er redusert med 200 mill. kroner, til 22 700 mill. kroner.

Anslaget for kap. 5440, underpost 24.5 Renter av statens kapital er redusert med 100 mill. kroner, til 2 500 mill. kroner.

Endringar i underpostane som er omtalte over, medfører at anslaget over SDØEs driftsresultat er auka med 15 400 mill. kroner, frå 44 800 mill. kroner til 60 200 mill. kroner.

Anslaget for netto kontantstraum frå SDØE er auka med 15 100 mill. kroner, frå 42 300 mill. kroner til 57 400 mill. kroner.

## Kap. 4810 Oljedirektoratet

### Post 01 Gebyrinntekter

Virusutbrotet og oljeprisfallet tidlegare i år har ført til redusert verksemd i petroleumsnæringa og i aktivitetar som er gebyrpliktige. Dette har igjen ført til redusert refusjon av utgifter til tilsyn med ressursforvaltninga i petroleumsverksemda, gebyr ved registreringar i petroleumsregisteret og ulike løyve: undersøkingssløyve, seismiske løyve, utvinningsløyve og konsesjonssøknader.

Det er foreslått å redusere løyvinga med 8 mill. kroner, til 22 mill. kroner.

### Post 02 Oppdrags- og samarbeidsinntekter

Det er foreslått å redusere løyvinga med 34 mill. kroner, til 85 mill. kroner. Ein viser til omtale og tilsvarende utgiftsreduksjon under kap. 1810, post 23 Oppdrags- og samarbeidsverksemd.

## Kap. 4820 Noregs vassdrags- og energidirektorat

### Post 02 Oppdrags- og samarbeidsinntekter

Det er foreslått å redusere løyvinga med 22 mill. kroner, til 65 mill. kroner. Ein viser til omtale og tilsvarende utgiftsreduksjon under kap. 1820, post 23 Oppdrags- og samarbeidsverksemd.

## Kap. 5685 Aksjar i Equinor ASA

### Post 85 Utbytte

Equinor ASA har utbetalt til saman 13,25 mrd. kroner i utbytte til Olje- og energidepartementet for tredje og fjerde kvartal 2019 og første kvartal 2020. For budsjettformål er det lagt til grunn eit kontantutbytte for andre kvartal 2020 som tilsvarende utbetalinga for første kvartal 2020.

Det er foreslått å redusere løyvinga med 700 mill. kroner, til 15 000 mill. kroner.

## 3 Bruk av fullmakter under petroleumsverksemda

Som ein del av den årlege behandlinga av statsbudsjettet gir Stortinget fullmakter til Kongen i statsråd og Olje- og energidepartementet knytt til petroleumsverksemda.

Nedanfor gjer Olje- og energidepartementet greie for bruken av desse fullmaktene sidan førre rapportering.

### 3.1 Utbyggingsprosjekt på norsk kontinentalsokkel

Stortinget har samtykt i at Olje- og energidepartementet kan godkjenne prosjekt (planar for utbygging/anlegg og drift) på norsk kontinentalsokkel under desse føresetnadene (jf. fullmakt XIV i Prop. 1 S (2019–2020):

1. Prosjektet må ikkje ha prinsipielle eller samfunnsmessige sider av betydning.
2. Øvre grense for dei samla investeringane per prosjekt utgjer 20 mrd. kroner.
3. Kvart enkelt prosjekt må vise akseptabel samfunnsøkonomisk lønnsemd og vere rimeleg robust mot endringar i prisutviklinga for olje og naturgass.

Fullmakta er nytta ved desse høva<sup>1</sup>:

#### Hywind Tampen

Olje- og energidepartementet mottok 11. oktober 2019 søknader om godkjenning av endra plan for utbygging og drift (PUD) for Snorre- og Gullfaksfeltene for Hywind Tampen-prosjektet. Hywind Tampen er ein flytande havvindpark som består av elleve flytande vindturbinar på 8 MW kvar. Prosjektet er ei omlegging av kraftforsyninga på Snorre- og Gullfaksfeltene, der om lag ein tredel av gasskrafta på plattformen vil bli erstatta med fornybar vindkraft. Oppstart av straumleveransar er i PUD venta i tredje kvartal 2022. Rettshavarane i Snorre Unit er Equinor Energy AS (33,27556 prosent), Petoro AS (30 prosent), Vår Energi AS (18,55336 prosent), Idemitsu Petroleum Norge AS (9,6 prosent) og Wintershall Dea Norge AS (8,57108 prosent). Rettshavarane i Gullfaks Unit er Equinor Energy AS (51 prosent), Petoro AS (30 prosent) og OMV (Norge) AS (19 prosent).

Dei totale investeringane er i endra PUD anslått til 4,8 mrd. kroner.

Endra PUD for høvesvis Snorre- og Gullfaksfeltene blei godkjend av Olje- og energidepartementet 8. april 2020.

<sup>1</sup> Til og med oktober 2020.

### Balder Future

Olje- og energidepartementet mottok 17. desember 2019 søknad om godkjenning av endra plan for utbygging og drift (PUD) for oljefelta Balder og Ringhorne i Nordsjøen. Prosjektet Balder Future er eit auka utvinningsprosjekt som inneber at produksjonsskipet Jotun A gjennomgår ei oppdatering og levetidsforlenging og deretter blir plassert ut sentralt mellom Balder- og Ringhornefelta. Etter planen skal det borast 14 nye brønner og installerast nye havbotnanlegg. Prosjektet inneber ei forlenging av drifta frå felta utover 2030 og at reservane frå felta aukar med 21,7 mill. standard kubikkmeter (Sm<sup>3</sup>) oljeekvivalentar (o.e.). Prosjektet aukar utvinningsgraden frå felta frå 34 prosent til 41 prosent. Oppstarten er planlagt til andre halvår 2022. Rettshavarane i Balder og Ringhorne er Vår Energi AS som operatør (90 prosent) og Mime Petroleum AS (10 prosent).

Dei totale investeringane er i endra PUD berekna til 19,6 mrd. kroner.

Endra PUD for Balder og Ringhorne blei godkjend av Olje- og energidepartementet 18. juni 2020.

## 4 Orientering om endringar i avtalen med Sverige om elsertifikat

### 4.1 Innleiing

Olje- og energidepartementet har hatt samtalar med det svenske Infrastrukturdepartementet om endringar i avtalen som regulerer elsertifikatsamarbeidet mellom Noreg og Sverige. Siktemålet med samtalanane var å finne ei løysing slik at Sverige kunne avslutte elsertifikatmarknaden tidlegare enn avtalt. Noreg og Sverige underteikna ein endringsavtale om samarbeidet om elsertifikatmarknaden 18. september 2020.

Endringsavtalen krev ikkje lovendringar i Noreg. Endringane er ikkje vurderte til å vere så viktige at Stortingets samtykke til å inngå avtalen, etter Grunnlova § 26 andre ledd, er nødvendig. Avtalen skal tre i kraft 1. januar 2021.

Vidare orienterer departementet Stortinget om utviklinga i elsertifikatmarknaden og endringane som er avtalte mellom landa.

### 4.2 Utviklinga i elsertifikatmarknaden

Den felles marknaden for elsertifikat blei starta opp i 2012 med eit mål om å utløyse 26,4 TWh ny fornybar produksjon i 2020. Rammene for elserti-

fikatorordninga blei regulerte i ein bilateral avtale mellom Noreg og Sverige av 29. juni 2011, jf. Prop. 5 S (2011–2012).

Ved ein endringsavtale av 8. april 2015 auka Sverige målet i 2020 med 2 TWh, frå 26,4 TWh til 28,4 TWh. Dette målet blei nådd i mai 2019.

I 2017 auka Sverige målet med ytterlegare 18 TWh i 2030. Det vil seie at det til saman skal byggast 46,4 TWh (28,4 + 18) innan 2030 under elsertifikatorordninga. Elsertifikatsystemet blei samtidig forlengt til 2045, slik at dei anlegga som skulle godkjennast for elsertifikat i Sverige i 2030, kunne få ein 15 års tildelingsperiode.

Med dei anlegga som no er under bygging, ligg det an til at det allereie før utgangen av 2021 vil vere over 60 TWh som kvalifiserer for elsertifikat i den felles marknaden.

### 4.3 Endringsavtalen

Endringsavtalen har tre hovudelement:

- innføring av ein stoppdato i Sverige
- endring av elsertifikatkvotar i Sverige
- ei ny ramme for fordeling av fornybarresultat mellom landa, knytt til rapporteringar under fornybardirektivet

Endringsavtalen slår fast at Sverige skal sette ein stoppdato for å godkjenne anlegg for rett til elsertifikat. Stoppdatoen er sett til 31. desember 2021. Dersom anlegg med ein normalårsproduksjon på minst 46,4 TWh ikkje er godkjende i systemet innan utgangen av mars 2021, skal stoppdatoen i Sverige flyttast til 31. desember 2023. Noreg og Sverige kan bli einige om ein annan stoppdato i Sverige. Noreg har allereie ein stoppdato 31. desember 2021.

Endringsavtalen slår fast at Sverige kan avslutte elsertifikatmarknaden i 2035, samtidig med Noreg. Ei tidlegare avslutning av marknaden krev at Sverige flyttar den lovpålagde etterspørselen etter elsertifikat (elsertifikatkvotane) fram i tid. Det går fram av avtalen korleis den lovpålagde etterspørselen etter elsertifikat for perioden 2036–2045 skal fordelast over tid fram mot avslutninga av marknaden i 2035.

Ved oppstarten av elsertifikatmarknaden, i 2012, var det viktig å ha gode mekanismar for fordeling av fornybarresultat som landa finansierte saman. Fornybarresultata er blitt rapporterte til EU/ESA i samsvar med reglane i fornybardirektivet. Begge landa ligg no an til å bygge meir enn dei finansierer, og fordelinga av resultat mellom landa kan avsluttast. Endringsavtalen slår fast at frå det tidspunktet det er sett i drift anlegg med

ein normalårsproduksjon på meir enn 13,2 TWh i Noreg og meir enn 33,2 TWh i Sverige, skal landa basere rapporteringa på kor mykje produksjon som er sett i drift i dei respektive landa.

få godkjenning frå dei relevante konkurransemyndigheitene i EU eller enkelte medlemsland. Ei slik godkjenning har tatt lenger tid enn forventta og vil først kunne vere klar i løpet av 2021.

## **5 Fusjonskontroll av Northern Lights**

Equinor, Shell og Total har planlagt å etablere eit nytt selskap, Northern Lights DA, for å gjennomføre transport- og lagringsdelen av Langskip, jf. Meld. St. 33 (2019–2020) *Langskip – fangst og lagring av CO<sub>2</sub>*. For å etablere eit slikt selskap må dei

Olje- og energidepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2020 under Olje- og energidepartementet.

---

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2020 under Olje- og energidepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

### til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2020 under Olje- og energidepartementet

## I

I statsbudsjettet for 2020 blir det gjort følgjande endringer:

## Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
1800		Olje- og energidepartementet	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under postane 50, 71 og 72</i> , blir sett opp med .....	5 000 000
		frå kr 36 500 000 til kr 41 500 000	
	70	Tilskot til internasjonale organisasjonar mv. blir sett opp med .....	1 400 000
		frå kr 8 500 000 til kr 9 900 000	
1810		Oljedirektoratet	
	23	Oppdrags- og samarbeidsverksemd, <i>kan overførast</i> , blir sett ned med .....	34 000 000
		frå kr 119 000 000 til kr 85 000 000	
1820		Noregs vassdrags- og energidirektorat	
	23	Oppdrags- og samarbeidsverksemd, <i>kan overførast</i> , blir sett ned med .....	22 000 000
		frå kr 87 000 000 til kr 65 000 000	
	25	Krise- og hastetiltak i samband med flaum- og skredhendingar, blir sett opp med .....	5 000 000
		frå kr 45 000 000 til kr 50 000 000	
1840		CO <sub>2</sub> -handtering	
	70	Administrasjon, Gassnova SF, <i>kan overførast, kan nyttast under post 72</i> , blir sett ned med .....	5 000 000
		frå kr 105 000 000 til kr 100 000 000	
	71	Tilskot til Teknologisenter for CO <sub>2</sub> -fangst på Mongstad, blir sett ned med .....	13 000 000
		frå kr 193 000 000 til kr 180 000 000	
	72	Fullskala CO <sub>2</sub> -handtering, <i>kan overførast, kan nyttast under post 70</i> , blir sett ned med .....	9 000 000
		frå kr 215 000 000 til kr 206 000 000	

## Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
4810		Oljedirektoratet	
	01	Gebyrinntekter, blir sett ned med ..... frå kr 30 000 000 til kr 22 000 000	8 000 000
	02	Oppdrags- og samarbeidsinntekter, blir sett ned med ..... frå kr 119 000 000 til kr 85 000 000	34 000 000
4820		Noregs vassdrags- og energidirektorat	
	02	Oppdrags- og samarbeidsinntekter, blir sett ned med ..... frå kr 87 000 000 til kr 65 000 000	22 000 000
5440		Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda	
	24	Driftsresultat:	
		1 Driftsinntekter .....	115 800 000 000
		2 Driftsutgifter .....	-28 400 000 000
		3 Leite- og feltutviklingsutgifter .....	-2 000 000 000
		4 Avskrivningar .....	-22 700 000 000
		5 Renter av statens kapital .....	-2 500 000 000
			<u>60 200 000 000</u>
	30	Avskrivningar, blir sett ned med ..... frå kr 22 900 000 000 til kr 22 700 000 000	200 000 000
	80	Renter av statens kapital, blir sett ned med ..... frå kr 2 600 000 000 til kr 2 500 000 000	100 000 000
5685		Aksjar i Equinor ASA	
	85	Utbytte, blir sett ned med ..... frå kr 15 700 000 000 til kr 15 000 000 000	700 000 000

---



---